

Henrik Wiik Berg
Fjellsbøvegen 82
5956 Hundvin

Referanser:
Dykkar: 0a00fd87-e881-499d-
9181-a6b029904a5b
Vår: 21/5049 - 21/45109

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
24.06.2021

svar på spørsmål om utskilling av LNF- areal til beiteformål

Slik eg oppfattar brevet ditt ynskjer du å dela 10-60 må av eit småbruk og beita dette for å halda nede skogen.

Det er den som eig eigdomen som kan søkja, eventuelt kan eigar gje fullmakt . Det er eit eige søknadsskjema og det må liggja med kart og nabovarsel. Det får du ved å kontakta byggesaksvakten eller kart- og oppmålingsavdelinga i kommunen.

Sjølve søknaden vert handsama etter jordlov og plan- og bygningslov, og det er i utgangspunktet ikkje så lett å få dela areal frå ein landbrukseigedom. Jordlova har som mål å bygga opp større einingar, ikkje stykka dei opp i mindre delar. Som eit alternativ til deling kan ein inngå ein leigeavtale på 10 år om å få bruka areala. Ta kontakt om du ynskjer meir informasjon kring lovverk.

Kostnad med gebyr og oppmåling finn du under. Gebyr for jordlovshandsaming er kr. 2000.

Delingsgebyr 7900,-
Oppmåling 14500,- + fast arealtillegg etter storleik. Sjå under.

13.1.2	Fast arealtillegg		
	a) Areal frå 201 til og med 3.000 m ²	13.700	14.000
	b) Areal frå 3.001 til og med 20.000 m ²	18.300	19.100
	c) Areal frå og med 20 001 m ² til og med 50.000 m ²	46.000	47.200
	d) Areal frå og med 50.001 m ² . Som pkt. 13.1.2.c + medgått tid		
	Der det vert rekvirert fleire enn 5 tomter samtidig - i same sak, vert det gitt 20 % reduksjon av totalt gebyr.		

Tinglysingsgebyr 585,- eller 540,-

Dokumentavgift og tinglysingsgebyr for skøyte vil komma i tillegg.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Henrik Wiik Berg

Fjellsbøvegen 82

5956

Hundvin